

Katharina Saltnes

Lindås Bygdelaag

1862-1945

-Ein kunstnar i si tid

-Ein kunstnar i vår tid

-Ein kunstnar å minnst i notid og framtid

Til Godtfolk i nordre Lindås

November året 2013

"Er det født noen store menn her i bygden?" spurde bymannen då han kom til bygda.

"Nei, bare små barn" vart det svara.

Men, i Lindås vart det i 1862 født ei kvinne som har sett tydelege spor etter seg i Lindås, Ostereidet, Eksingedalen, Kristiania, Bergen og Stockholm med.

Alt frå den tid ho gjekk for presten, den vidkjendte provst Jacob Hveding på Lindås, gjorde Katharina seg positivt til kjenne. Han gav henne attesten: **"Katharina Saltnes. Utmærket og Tænkso"**

Katharina var berre 7 mndr gammal då mor hennar døydde, og då ho var 4 år vart ho råka av poliomyelitt, noko som gjorde henne svært vanfør. Etter amtskulen på Lindås i 1880 åra vart ho nytta til hjelpelærer i omgangsskulen på Stranda. Vanfør som ho var måtte dei store gutane bera henne frå stova til stova der ho underviste! Katharina var født fattig og ho døydde fattig, men var den største nevehage kunstnar som er født i Lindåsbygdene til alle tider. Det var kunstnar ho var etla til å verta.

Asbjørn Aasgard har skrivt bok om Katharina: **"For de uberømte"** som viser mykje av hennar utskjeringskunst i tre og marmor, og kor livslaupt hennar er skrivt fra A til Å

I Lindåsparken, v/ Lindås Kyrkje, skal det sommaren 2014 reisast ein statue i bronse av Katharina. Det er kunstnarane Arne og Vidar Mæland i Os som har fått oppdraget og bestelling med å laga statuen.

Utan dugnad stoppar Norge, men i tillegg til dugnadsarbeidet med dette kulturiltaket so treng Lindås Bygdelaag pengar, ca Kr. 220.000.- må til for å få minnesmerket på plass.

Førebels har Lindås Kommune, Grieg Foundation og Lindås Bygdelaag sponsa tiltaket, men som innbyggjar i Lindås går me ut frå at **ogso du vil vera med å stella** Lindåsparken endå finare enn den er.

Aslaug Laastad Lygre og Katharina Saltnes er lindåsingar som er vel verd å minnst på beste måte i framtida, begge med kvar sine statuer i Lindåsparken.

Lindås Bygdelaag skal no i gang med eit kunstlotteri til inntekt for statuen, gevinstane viser me på baksida av dette arket. Lotteriet er på Kr. 60.000.- Du vil nok møte loddseljarar i det neste halvåret, og ikkje kvi deg for å handla med dei! Dette er eindel av Lindås Bygdelaag sin dugnad.

Me rekk ikkje å skriva Katharina sin livshistorie på dette arket, men i hovudsak må nemnst at ho hadde eit stipend eingong og var då i Stockholm og studerte. Der kjøpte sjølvaste Kong Oscar II kunst av henne. I 1936 fekk ho H.M. Kongens Fortenestemedalje i Sølv av H.M. Kong Haakon VII, tildelt i Hundvin Kyrkje under vigsling av den nye kyrkja der.

I Lindås Kyrkje heng det relieff av 10 salmediktarar o.a. som Elias Blix, Martin Luther, Petter Dass m.a. og alle skore ut i marmor.

Noko av Katharina sine treskjeringsprodukter er det bydt fleire hundre tusen kroner for, det fortel om den unike kunsten frå Katharina si hand.

Lindås Bygdelaag vil her oppmoda deg til å delta i dugnaden ved å gje din skjerv til dette gode kulturiltak på Lindås, i Lindåsparken, ein stad du kan gå både i glede og sorg å minnst nokre av fortidas folk og å sjå utover eit vakkert landskap, til mentalhygienisk velvære.

Ikkje kvi deg for å delta med nokre gode norske kroner! På førehand takk!

Med venleg helsing frå Lindås Bygdelaag

Nina Bøe (leiar). (s).

Prosjekt " Katharinastatuen"

Karstein Stene (s).

